



Gevinsten på julaften er bålpanne med ekstrautstyr.

Då er endeleg julaften her, og siste gevinsten på Uskedal skulemusikk sin kjekke adventskalendar er trekt ut. Vinnaren har kalendaren med nr.388. Den heldige får ei flott bålpanne med ekstrautstyr. Denne erstattar bålgrillen som var annonsert då det viste seg at den var gått ut av produksjon. Gevinsten var gjeven av Br. Musland Maskin, Felleskjøpet og A. J. Haugland Maskin. Vi gratulerer!!

Sidan alle gevinstante no er trekt, repeterer vi alle vinnarnummera:

1. Des	1: 387	2: 161
2. Des	1: 274	2: 124
3. Des	1: 398	2: 90
4. Des	1: 486	2: 306
5. Des	1: 114	2: 391
6. Des	1: 318	2: 479
7. Des	1: 283	2: 154
8. Des	1: 36	2: 353
9. Des	1: 81	2: 468
10. Des	1: 151	2: 123
11. Des	1: 220	2: 287
12. Des	1: 76	
13. Des	1: 247	
14. Des	1: 64	
15. Des	1: 163	2: 446
16. Des	1: 11	2: 219
17. Des	1: 457	2: 194
18. Des	1: 174	
19. Des	1: 30	
20. Des	1: 372	
21. Des	1: 13	
22. Des	1: 325	
23. Des	1: 193	
24. Des	1: 388	

Uskedal skulemusikk håpar at adventskalendaren har vore eit kjekt bidrag i førjulstida for mange. Det er til saman trekt ut 38 gevinstar. Skulemusikken vil takka alle som har støtta drifta ved å gje flotte gevinstar, ved å kjøpa og selja kalendarar, og så er dei svært takksame for at Auto 88 AS også i år har tatt på seg å levera ut gevinstantane. Dei som ikkje har henta gevinstantane sine enno, vert oppfordra til å gjera det innan 11.januar 2018. Opningstidene hos Auto 88 i romjula er onsdag 27/12: kl.9 - 16, torsdag 28/12: kl.9 - 18 og fredag 29/12: kl.9 - 12.

Kalendarsalet har gjeve tett på 50.000 kroner til drift av skulemusikken. Det er eit supert resultat, og det var berre 7 kalendarar att av opplaget.

Uskedal skulemusikk vil også nytta høve til å ønskja alle ei riktig god jul og eit godt nytt år. Dei vil også takka for den gode mottakinga og støtta dei opplever elles i året.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hege Lekva